

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8067-189

Val av fylkeskommunen sine representantar til valkomiteen for styret i F1 Holding AS og for F1 Holding AS sine styremedlemer i Fjord1 AS

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

I samsvar med aksjonæravtalen mellom Torghatten ASA og Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fylkesutvalet følgjande to representantar til valkomiteen for styret i F1 Holding AS og for F1 Holding AS sine styremedlemer i Fjord1 AS:

1

2

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Aksjekjøps- og aksjonæravtale Sogn og Fjordane fylkeskommune - Torghatten ASA
2. Aksjonæravtale mellom Havigafjord AS og F1 Holding AS
3. Melding til Konkurransetilsynet

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Aksjonæravtalen mellom Torghatten ASA og fylkeskommunen om F1 Holding AS fastset i pkt. 6.2 at styret i F1 Holding skal ha fire styremedlemer, to frå kvar av aksjonærane.

Kvar aksjonær skal peike ut to representantar til ein valkomité som skal nominere aksjonærane sine styremedlemer i F1 Holding, samt fire av styremedlemene, inkludert styreleiaren, i Fjord1 AS.

Historikk - tidlegare vedtak

Styret i F1 Holding har i dag éin styremedlem, Jan Øhlckers. Han er vald av fylkesutvalet, siste gong i sak 109/15. Fylkesrådmannen er eigarutsending til generalforsamlinga i F1 Holding. Fylkesordføraren er eigarutsending frå F1 Holding til generalforsamlinga i Fjord1 AS.

Fylkesutvalet har til no nominert fire av medlemene, inkludert styreleiar, til styret i Fjord1 AS. Valet av styret til Fjord1 AS har vore regulert gjennom avtale mellom Havigafjord AS og F1 Holding. Styret i F1 Holding og eigarrepresentanten til generalforsamlinga i Fjord1 har sytt for at valet har funne stad i samsvar med nominasjonen frå fylkesutvalet.

Fylkestinget godkjenner i sak 46/15 aksjekjøps- og aksjonæravtalen mellom Torghatten ASA og fylkeskommunen.

Andre opplysninger

Den nye valordninga gjeld etter at Torghatten ASA har overteke 50 prosent av aksjane i F1 Holding og fram til ein av dei to opsjonane ev. vert nytta, jf. pkt. 1 i vedtaket i FT-sak 46/15. Vala skjer i generalforsamlingane i dei to selskapa. Saman med ein representant frå Torghatten ASA, vil fylkesordføraren framleis vere F1 Holding AS sin eigarrepresentant i Fjord1.

2. Vurderingar og konsekvensar

Nominasjon til styret i F1 Holding og fire av medlemene, inkludert styreleiar, i Fjord1, vert no flytta frå fylkesutvalet til nemnde valkomite. Dette følgjer av aksjonæravtalen pkt. 6.10, som lyder slik:

«Hver av Aksjonærene skal utpeke to personer til en valgkomite bestående av fire personer som skal nominere Aksjonærenes styremedlemmer i Selskapetⁱ og Fjord1. Hver Aksjonærs kandidater i valgkomiteen skal nominere hver Aksjonærs styremedlemmer.»

Val til styra i dei to selskapa må skje så snart salet er gjennomført (etter «closing»). Det betyr at valkomiteen bør starte arbeidet sitt no.

3. Konklusjon

Ordninga er regulert i avtaleverket fylkestinget alt har godkjend. Saka vert, som vanleg i valsaker, lagd fram utan tilråding.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

ⁱ F1 Holding AS